

ÅRSMELDING
FOR
SKJOLD SOKN
2015

Arbeidet i kyrkjelyden i Skjold er eit arbeid som i stor grad vert drive av frivillige krefter enten direkte knytt til kyrkja sitt arbeid eller knytt til dei friviljuge kristne organisasjonane og bedehusa. Alle som høyrer til kyrkja, desse friviljuge kreftene og dei kyrkjelege tilsette er saman med og skape vår kyrkjelyd. Soknerådet har i første rekkje ei formell rolle samt ei rolle i forhold til å knyta dette arbeidet saman.

Skjold sokneråd var fram til nytt sokneråd overtok 1. november slik sett saman:

- Ottar Krakk, leiar
 - Endre Stople, nestleiar
 - Anne Kristine Lilleskog Andersen
 - Sølvi Søreide, kasserar
 - Karianne Dagsland Sekretær
 - Asle Dagsland
 - Evelyn Rabben Hustveit
 - Øystein Kalstveit
 - Jon Ådnøy, sokneprest
 - Geir Tore Sørhus, 1. vara
 - Kjetil Nesbu, 2. vara
 - Oddbjørn Mangrud, 3.vara
 - Gustav Frøyland, 4.vara
- Anne Kristine L. Andersen har møtt i Fellesrådet som Skjold Sokneråd sin representant.
Øystein Kalstveit har vore vararepresentant.

Frå 1.11.15 har soknerådet vore samansett slik:

- Kari Synnøve Vælde Haugen -Leiar
- Brit Nelly Ness Tveit – nestleiar
- Gunnbjørg Nesbu – sekretær
- Kirsti M Hjelmeland – kasserar
- Øyvind Valen
- Øystein Kalstveit
- Anne Kristine Andersen
- Dag Alne
- Jon Ådnøy – sokneprest
- Bente Helen Øren, 1. vara
- Aud Jorunn Tordal, 1. vara
- Georg Bakke, 2. vara
- Linda Langeland, 2. vara
- Sigmund Eggebø, 3. vara
- Lina Fisk Eide, 3. vara

Øyvind Valen og Øystein Kalstveit er representantar i fellesrådet, med henholdsvis Dag Alne og Anne Kristine Andersen som vararepresentantar.

Kyrkja sine løna medarbeidarar:

- Jon Ådnøy, sokneprest
- Juri og Nelly Kotkovitch, organistar
- Else Gurine Stople, trusopplæringsmedarbeidar
- Anne Lise Østrem Mortveit, kyrkjetenar
- Tove Vaka, kontormedarbeidar
- Marit Hegrenes, kontorassistent
- Inghart Lasse Tveit, kyrkjevevje

Klokkartenesta mv

Dei som har vore med i denne ordninga i 2015 er Berit Mortveit Listog, Børge Løype, Endre Stople, Liv Reidunn Vik og Ottar Krakk

Klokkarane har og vore med som medliturgar og som nattverdmedhjelperar

Hyrdingen: Kontaktperson/skrivar for Skjold sokn: Gunnar Listog. Ny representant er Hanne Brekke

Representant i Bispedømmet sitt ungdomsråd: Agnes Seselia Andersen har vore representant til ungdomsrådet frå Haugaland prosti.

Økonomi

Det er stabil og grei økonomi i soknerådet. Overskot på vel 30.000 kr dette året. Sjå rekneskap for meir detaljar.

Møte og saker

Det avtroppande soknerådet har hatt 8 møter og har behandla 31 saker.

Etter soknerådsvalet vart det konstituert eit felles sokneråd for perioden 2015-2019 saman med Vikebygd. Her har det vore 4 møter inkludert overføringsmøte saman med dei gamle sokneråda.

Ved bygda sin felles **vårdugnad** deltok Bygdekvinnelaget og speidaren saman med soknerådet på nødvendig planting, søppelrydding og rydding i området rundt kyrkja.

18-20 september var det Kyrkjelydsweekend til Vaulali med 38 deltakarar

Trusopplæring

Det **frivillige arbeidet** (kalla **kontinuerlege tiltak i trusopplæringa**) tilknytt dei kristne organisasjonane slik som speidar, barnekor, søndagskule, Yngres, Feedback, barneforening mv. er særst viktige i formidling av trua til nye generasjonar.

Søndagsskolen har hatt samlingar ved G 17 gudstenestene,- i kjellaren for dei under 5. klasse, fra 5. klasse og oppover i Skjold Arena, idrettsgruppe. I tillegg hadde søndagsskolen ein pizza kveld i kyrkja i mars- for heile familien.

Tripp trapp treff har fire-fem treff pr semester, ein onsdag føremiddag i kvar månad. Det kjem ca 20 ungar med 15-20 vaksne. Vats og Skjold samarbeidar om dette, treffes i Skjold kyrkje. Borghild Velde Eskeland har hovudansvar for samlingane nå.

Speidaren samlar framleis ein stor del av borna i alderen 9-12 år, frå den alderen minkar det kraftig, men dei som fortset har mange gode kurs og opplevingar å vera med på!

Feedback har opplegg annakvar fredag på Huset i Ølen, der det har halde til dei 20 siste åra. Det er buss frå ytterst i Skjold både att og fram, og ein gjeng ungdommar frå 8.klasse samlast til kjekt fellesskap.

Både Yngres på Ersland bedehus og Snøklokka barneforening held trufast fram, og det er stadig nye generasjonar som får høyre Jesus-fortellingane og vere med i kristent fellesskap på ulike måtar.

Frå sommaren 2014 vart Vindafjord tildelt **trusopplæringsmidlar**. Det er fordi skulen ikkje lenger er hovudopplærar når det gjeld kristendom. No må alle kyrkjelydane sjølv ta ansvar for å ha ein plan og eit opplegg slik at alle aldersgrupper frå 0-18 år får høve til å bli kjent med Bibelen, songar og alt som er ein natuleg del av den kristne kulturarven. Arbeidet med denne planen for Vindafjord kommune er i full gong, og skal vedtakast sommaren 2016. (Det som kjem innanfor denne ramma vert kalla **breiddetiltak i trusopplæringa**).

Else Gurine Stople vart tilsett hausten 2014 i ein 20% stilling med særskilt ansvar for arbeidet i Skjold, Vats og Vikebygd. Brit Karstensen, Berit Stople og Lillian Eikeland er dei andre trusopplærarane i Vindafjord kommune, og desse fire samarbeider mykje på tvers av bygdane.

Breiddetiltak som har blitt gjennomført i Skjold i 2015:

- Gudsteneste med utdeling av Bibel til 5. klassingane i januar og weekend for 5. klasse til Brandøy i februar.
- Skattejakt i kyrkja for 1. klassingane, (4 samlingar a 1,5 time pluss gudsteneste med utdeling av bok og diplom. (februar/mars)
- 4- års samling lørdag og gudsteneste med utdeling av 4. års bok søndag. (september)
- Lys Vaken for 5. klassingane, første helga i advent. Feiring av nytt kyrkjeår!
- Babysong kurs (for babyar og foreldre)

Konfirmantarbeidet

22 konfirmantar frå Skjold fylgde konfirmantopplegget i 2014-15. To av dei blei konfirmerte i andre kyrkjer. Opplegget var om lag som året tidlegare. Helgeleiren fredag-søndag var på Solgry i Sveio, i lag med konfirmantar frå Vikebygd, Vats, Ølen og Bjoa. Alle desse var og i lag tre lange undervisningskveldar (to i Skjold kyrkje, ei i Kyrkjetunet i Ølen). Ein del av undervisningstinane

hadde skjoldakonfirmantane i Skjold kyrkje. Elles deltok konfirmantane i til saman 8 gudstenester, på dei fleste med synlege oppgåver. Alle var med i ei av tre alternative grupper: Friluft, forming og diakoni. Konfirmantane samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp tysdag før palmesøndag, med godt resultat. Foreldra har synt stor grad av velvilje og samarbeidsevne for å få opplegget til å fungera, med kjøring, laging av mat m.m.

Ungdomsarbeid

Det er ikkje noko eige kristent ungdomsarbeid i regi av kyrkjelyden. Ungdommar er imidlertid aktive i speidar og Feedback. Kyrkjelyden har prioritert å senda deltakerar på ungdomstinget i bispedømmet. Ein har sett det som ei god investering.

Samarbeid med skule-/ barnehage

Det har vore påskevandring og julevandring for barnehagane og skulegudstenester for skulane.

Misjonsprosjekt

Både Skjold og Vikebygd kyrkjelydar støttar Stefanusalliansen sitt arbeid bland forfulgte kristne i Egypt.

Statistikk

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Snitt Gudstenestebesøk	150	138	143	164	165	159	143	125	156
Snitt Nattverdgjester	66	66	65	63	68	60	66	56	57
Døypte	26	27	17	15	15	20	23	15	20
Konfirmerte	25	14	18	28	14	24	22	14	20
Vigsler	5	2	2	1	2	1	3	1	1
Gravferder	22	11	7	7	17	14	15	13	9

Her noterer vi oss at snittet på oppmøte også er gått opp etter eit lågare snitt i 2014. Vi ser ikkje klare årsakssamanhengar her. Når det gjeld dei andre variablane er det ikkje klare tendensar. Her spelar antal personar i årskullet ei større rolle.

Rekruttering til kyrkjeleg arbeid: Kyrkjelydane står stadig i ein til dels krevjande rekrutteringssituasjon, for å sikra folk til andaktar på sjukeheimen, trusoplæringstiltak, heimebesøk til åremålsdagar til dei eldste, kyrkjekaffi, kyrkjevertar, leirar og mange, mange andre ting. Det finst solide tradisjonar i bygdene for å stilla opp, og mange gjer det med glede. Men særleg tilsette og soknerådsleiarar kan til tider kjenna dette konstante rekrutteringsarbeidet som eit pes.

Kyrkjelydane har oftast sendt utsendingar til Ungdomstinget i bispedømmet. Dei som reiser, kjem stort sett tilbake med inspirasjon. Somme ser også – mellom anna gjennom møtet med andre

unge – at eit yrkesliv i kyrkja kan vera eit tenkeleg alternativ. Ungdom kan og sjå for bilde i at fleire heiltidsarbeidarar i kristne organisasjonar bur og er aktive i kyrkjelydane våre.

Årsrapport frå soknepresten i Skjold - kortversjon:

-Det går om lag like mange til gudsteneste som før. Flest menneske er i kyrkja når gudstenesta har «barnemeny». Ein aukande del av salmane kan ikkje lenger syngast, fordi få kan dei.

-Svært mange døyper borna og fylgjer opp ved deltaking i trusopplæringstiltak.

-Mange som er aktive i kyrkjelydane er også pådrivarar i ulikesider ved lokalsamfunnet.

-Me greier ikkje å skapa eit ungdomsmiljø knytta til kyrkjelydane etter konfirmasjonsalderen

G17-arbeidet i 2015

G17 (gudstenester kl 17.00) er eit samarbeid mellom kyrkjelydane i Skjold og Vats, og blir muliggjort gjennom eit godt eigna kyrkjehus i Skjold. Gudstenestene bygger på grunnorda i den nye gudstenestereforma: involvering, fleksibilitet og lokal forankring, og inngår i dei forordna gudstenestene i Skjold kyrkjelyd. Gudstenesteliturgien er godkjend av Stavanger biskop. Laust utstyr er kjøpt inn med pengar gitt som gåver og eigd av kyrkjelydane i Skjold og Vats.

G17-utvalet har jamlege planleggingsmøter kor presten er med.

Eit viktig grunnlag for gudstenestene er dei mange frivillige som er med i planlegging og gjennomføring. Det er egne grupper som tek seg av song/musikk, barnegruppe og kjøkkengruppe. Særpreg ved gudstenestene er: forsongargruppe og band, søndagsskule, nattverd ved starten av gudstenesta og kveldsmat etter gudstenesta. Preika er undervisning over eit tema.

I 2015 var det sju G17-gudstenester. Tema (preike) siste tida har vore "Personar i det Gamle Testamentet" .

Aktivitetsgruppa for 5.kl og oppetter er fortsatt aktiv. Aktiviteten er i Skjold Arena. Den begynner etter nattverdsvandringa, likt som søndagsskulen. Opplegget baserer seg på KRIK samling med litt spel/leik og ein kort andakt. Me ser at det er avgjerande at denne aktiviteten blir gjennomført kvar gong det er G17 for å skapa rutine og stabilt oppmøte.

Kveldsmaten vert gjennomført likt som siste året. Mat vart kjøpt inn, dekkja av G17, og ei gruppe konfirmantar under leiing av eit par vaksne smurde maten og gjorde klart. Ordninga er vellykka. Fordelen er at det berre trengs eit par frivillige kvar gong i staden for 12-14 personer til å ta med påsmurt. Hausten 2015 vart det opna for frivillig støtte til kveldsmaten. Til no dekker ikkje dette kost fullt ut, men reknar med at det vil auke når folk er blitt vant med ordninga.

Økonomien knytt til G17 (prosjektregnskap under Skjold Sokneråd) er stabil. Det må reknast at lydanlegg og instrumenter har behov for forfallande vedlikehald og noko oppgradering. I 2015 er det ikkje blitt foretatt nokre større investeringar. Noko utstyr til musikkinstrumenter var kjøpt inn. Det er et ynskje om å oppgradere bl.a. miksepult då den gamle er noko utstabil. Dette blei heller ikkje gjort i 2015 sidan det arbeidast med å finna løysning på oppgradering av fast installert utstyr i Skjold kyrkje. Dette arbeidet bør koordinerast. Oppgradering til fastmontert utstyr i kyrkja i Skjold må holdast avskilt G17 arbeidet då dette er eit samarbeid mellom Skjold og Vats.

Lydutsyr og instrumenter blir leigde ut ved enkelte anledningar i løpet av året. Inntekter av dette skal dekke vedlikehald og oppgraderingar.

Årets julakonsert vart arrangert av ei prosjektgruppe med folk frå blant anna Barnakoret og G17. Dette arrangementet var vellykka og fylde kyrkja med folk.

Medlemmer i G17 utval pr 01.01.2016: Jens Magnar Tveit, Leiar; Ingrid Tveit, Skrivar/ G17 Team / Musikk, Ingfrid B. Hystad; Søndagsskulen, Kirsti Hjelmeland; Skjold Sokneråd, Torgeir Sørhus; Vats Sokneråd, John Ådnøy; Prest

Kyrkjekulturutvalet

Desse har vore med i utvalet i 2015; Marit Breivik, Øystein Kalstveit, Gunnar Listog, Liv Svendsen og Elin Frøyland. Utvalet har hatt 8 møte og handsama 48 saker i 2015. Utvalet tykkjer det er viktig å ha eit breitt kulturelt tilbud i kyrkja og slik opna opp for fleire enn dei som til vanleg er her. Vera med å skapa ei folkekyrkje.

Dette året har me hatt fylgjande arrangement: 8.mars: Kyrkjespelet: Strengen av gull. 68 betalande. Høg kvalitet. 29. april: Vinjekveld med Aasmund, Ellen og Olav Nordstoga. 133 betalande. Vellukka kveld. 6.august : Sildajazzkonsert. Sildajazzkontoret leigde kyrkja og utvalet hjelpte til. 200 betalande. Me vonar at dette kan bli ein tradisjon. 22.oktober: Salmekveld med Eivind Skeie og Tysvær Blandakor. 129 betalande. Ein vellukka kveld med variert program der me blei kjende med Eivind Skeie sine salmar 11.nov: Kyrkjekonsert med Tom Roger Aadland. 40 betalande. Roleg, flott konsert. 4.des: Julekonsert med koret Scala frå Karmøy: Koret leigde kyrkja og me i utvalet hjelpte til. 38 betalande. Ein fantastisk konsert med høgt nivå.

Lyd og lys: Var med på eit felles(sokneråd, G17 og kyrkjekulturutvalet) møte om lyd og lys den 4.juni. Her var me einige om vegen vidare. Korleis står saka nå? Me vonar verkeleg det vert sett fart i denne saka. Stor trong for eit enklare system for lyd, og enkle lys/lyskastarar som kan lysa opp korpartiet.

Maria, Josef og Jesusbarnet: I 2013 vart dei 3 vise menn laga av 5 damer, Marit Breivik, Inger Marie Ohm, Berit Listog, Pia Flæte og Anne Lise Mortveit. Dokkene har vore plasserte i våpenhuset frå advent til 1.søndag etter nyttår. Nå til jul var og Maria, Josef og Jesusbarnet klare. Vonar at dette kan gi ei visuell og forsterka oppleving av juleevangeliet. Dei vert lagra i kyrkja.

Utvalet har og hatt føre seg installasjonen midt i kyrkja, laga av Per Odd Aarrestad. Me meinte at det kunne gjerast noko meir med denne når det gjaldt lys. Me har vore i kontakt med kunstnaren som nok meiner at installasjonen er ferdig, men han kan koma og høyra kva me meiner.

Økonomi: Viser til rekneskapet. Me er godt på pluss-sida dette året. Me har hatt kafe på arrangementa, og det har gitt inntekter. Men mange av arrangementa våre (særleg konsertar) krev ein god økonomi. Det er ofte eit hinder for å ha skikkeleg gode arrangement.

Diakoniutvalet

Desse er med i utvalet: Liv Reidunn Vik(leiar), Einar Askeland, Martin V. Reed, Solveig Moldesæter, Marta Stople og Elin Frøyland (skrivar). Martin Reed gjekk ut av utvalet sommaren 2015. Solveig Moldesæter sluttar nå etter denne soknerådsperioden.

Arbeidet i diakoniutvalet i 2015 har vore konsentrert om desse oppgåvene: 1) Blomehelsingar til dei som blir 80, 85, 90 år, og kvart år etter 90. I år har me gått med 21 slike blomehelsingar. 2) Treff på

dagtid i kyrkja for dei frå 60år og oppover. Dette er uformelle sosiale samvær med kaffi , ei lita utlodding, songar, kanskje ein bordkonkurransse og andakt. Dette året har me og hatt kåseri med ulike tema: Jon Ådnøy om å reisa. Martin V.Reed om torghandelen i Stavanger. June Margaret Jacobsen Steen: Tilbakeblikk på arbeid i Afrika gjennom 30 år. Tor Ove Hjartnes: Etter 1 år i India . Solveig Lunde Jekteberg frå tida i Kamerun. Arild Urdal om turen til Nepal i haust. Me har hatt 7 slike treff, 4 vår og 3 haust.

Dette året hadde me og ein vellukka dagstur til Bømlø den 4.juni. Me hadde omvisar med oss og var innom Moster gamle kyrkje og utstillinga «Frå heidendom til kristendom». Turen gjekk og ut til Brandasund. Det var 32 personar med.

3) Besøk på sjukeheimen i Vats. Diakoniutvalet har hatt ansvar for å skaffa andaktshaldarar 8 gonger i år. Endre Stople, Jens Tveit og Trygve Sandvik, Børge Løype og Alfred Soltvedt har halde andakt. 2 frå diakoniutvalet har hjelpt til praktisk kvar gong.

Utvalet har hatt 8 møte og handsama 24 saker.

Helsing til sist:

Nok ein gong takk til alle dokke som er ein del av Skjold kyrkjelyd, medlemmer , frivillige og tilsette. Takk til alle som møter opp i kyrkja eller sender barna sine til aktivitetar og gjerne føl dei til kyrkja. Takk for alle som tek del i praktiske gjeremål innanfor kyrkja sitt arbeid enten det er oppvask, høgtrykksspyling, kakebaking eller annan dugnad. Takk til alle dokke som gler oss med musikk og song og til dokke som tek leiaransvar på ulike hold. Takk til alle som «vil litt meir», kanskje meir enn me får til. Takk til deg som ber for bygda og arbeidet i soknet.

Vel møtt i kyrkja vår og i 2016! Me vonar at me etter kvart kan samarbeida meir og meir på tvers av bygdane Vikebygd og Skjold og delta på diverse arrangement ilag. Det er flotte kyrkjebygg i begge bygdane og mykje me kan dela av både tilreisande krefter og treff me arrangerer sjølv. Me skal vera to kyrkjelydar, men finna godt ut av det saman!

For Skjold sokneråd

Ottar Krakk, avtroppande leiar og

Kari Synnøve Velde Haugen, påtroppande leiar.